

Gode innbyggjarar i Gol!

Jula nærmar seg med stormskritt i det eg sit på kontoret og oppsummerar litt for meg sjølv kva eg har vore med på dei siste tre månadene.

Det har gått utruleg fort, og det har vore utruleg spennande. Det konstituerande kommunestyremøte 06.10.15 var ei heilt spesiell oppleving. Eg var spent, sveitt, nervøs og livredd idet eg sat meg ned i stolen. Eg vart overvelda av følelsar og rørt. Det kom nokre tårer på det nye kontoret i etterkant, og nokre av dei var triste men mest var dei glade.

Dagane etterpå gikk med på å fløta inn på kontoret og laga det til mitt. Så bar det ut i avdelingane for å helse på. Her var det mange kjente, og nokre ukjende, men for ein gjeng. Me er utruleg heldige i Gol kommune som har so mange dyktige arbeidstakarar.

Eg vart kasta inn i regionrådet og opplevde mykje av dei same følelsane som i konstitueringa. Eg overlevde, og ikkje berre det, eg meina oppriktig at eg har fått meg eit knippe gode kollegaer. Til tross for liten fartstid i regionrådet så har me allereie hatt det interessant og morosamt. Me har klart å tenkje Hallingdal, og eg håpar at det fortset.

Konferansar, møter og nettverking har og vore ein del av tidsplana mi den siste tida. Og det er utruleg mange interessante menneskjer å møte i politikken. Eg har og vore heldig og vorte valt inn i fleire spennande fora som vil lære meg mykje.

Eg har og fått invitasjonar frå lag og organisasjonar for å bli betre kjend og for å starte ein dialog. Det set eg pris på. Eg blir utruleg motivert når eg ser all den innsatsen som frivillige gjer kvar einaste dag, for andre.

Mange av dykk inviterer meg , og eg inviterer dykk til å ta kontakt. Eg ynskjer at dykk innbyggjarar skal vite at mi dør står open viss det er noko de ynskjer å prate med meg om.

Og som for alle andre så har også julestria nådd meg, og sist veke var me ute å ynskte arbeidstakarane i Gol kommune ei god jul.

No er tida inne for å ynskje alle dykk som bur i Gol ei fredful julehøgtid og eit fantastisk godt nytt år. Eg gler meg til 2016!